



Protokoll frå meklingsmøte

Kommune:

Sula kommune

Sak:

Områderegulering for Sulafjellet

Stad og dato:

Fylkeshuset, 14. juni kl. 10-13

Møtedeltakar:

Statsforvaltaren:

Rigmor Brøste – ass. statsforvaltar

Frank Madsøy – områdedirektør

Ulf Lucasen – underdirektør

Frida Farstad Brevik – plansamordnar

Astrid Buset - hovudsaksbehandlar

Vanylven kommune:

Turid Kristin Sand Humlen – ordførar

Bente Glomset Vikhagen – kommunedirektør

Jørn Agersborg - kommunalsjef

Terje Havnegjerde – rådgjevar

Tema for mekling

Planforslaget

Kommunen har lagt fram eit forslag til områderegulering for Sulafjellet. Føremålet med planen er å legge til rette for bygging av ein gondolbane med mellomstasjon, frå Devoldfabrikken i Langevåg sentrum til Sulafjellet, med toppunkt Rundehornet. Ved toppstasjonen på Rundehornet skal innehalde fasilitetar som restaurant og utsiktspunkt. Det skal etablerast zip-line mellom Rundehornet og mellomstasjonen.

Frå meklingsmøtet

Møtet starta med ein presentasjonsrunde.

Meklar orienterte om meklingsinstituttet og korleis meklingsmøtet er lagt opp.

Innlegg frå Sula kommune

Ordføraren i Sula kommune presenterte prosjektet og kommenterte Statsforvaltaren sine motsegn. Det blei vist til ei rekke forslag til avbøtande tiltak.

Motsegnpunkt barn og unge

Statsforvaltaren ved områdedirektør Frank Madsøy viste til grunngjevinga for motsegna knytt til barn og unge.

Delkonklusjon:

Det er positivt at Sula kommune vil køyre meir medverknad for barn og unge i saken, og Statsforvaltaren vil støtte kommunen i dette arbeidet.



Eit godt opplegg for medverknad for barn og unge, er ein viktig føresetnad for ein god planprosess. Dette må skje tidleg i planprosessen slik at medverknaden blir reell og kommunen får tilstrekkeleg kunnskap. Statsforvaltaren held derfor fast ved motsegna knytt til barn og unge.

Motsegnspunktene innan friluftsliv, landskap og naturmangfald

Statsforvaltaren ved områdedirektør Frank Madsøy viste til grunngjevinga for motsegn knytt til friluftsliv, landskap og naturmangfald.

Delkonklusjon:

Statsforvaltaren er samd med kommunen i at det ikkje er nytta feil metodikk for konsekvensutgreiing for friluftsliv. Dette punktet i motsegna blir trekt. Det endrar likevel ikkje konsekvensane av tiltaket for friluftslivet. Statsforvaltaren held derfor fast ved motsegna knytt til friluftsliv.

Statsforvaltaren meiner avbøtande tiltak knytt til lyssetting og reduksjon av hyttebygging er positivt. Motsegnspunkt knytt til lyssetting kan trekkast dersom dette blir innarbeidd i føresegna. Dette kan likevel ikkje kompensere for å ta hol på eit heilt nytt og urørt område. Området har stor landskapsøkologisk verdi. Statsforvaltaren held derfor fast ved motsegn knytt til naturmangfald og landskap.

Konklusjon og videre oppfølging

Partane blei ikkje einige, og Statsforvaltaren fastheld motsegnene knytt til barn og unge, friluftsliv, landskap og naturmangfald. Meklinga har ikkje ført fram.

Sula kommune legg saka fram kommunestyret den 25. juni for endeleg vedtak. Dersom kommunestyret vedtek områdeguleringa for Sulafjellet blir planen sendt over til Statsforvaltaren som sender saka vidare til Kommunal- og distriktsdepartementet for endeleg avgjerd.



Turid Kristin Sand Humlen
ordførar



Rigmor Brøste
ass. statsforvaltar